



VEDTEKTER – VOSS HØGRE

VEDTATT AV ÅRSMØTET I VOSS HØGRE 18.NOVEMBER 2021



Vedtekter for Voss Høgre

Vedtekter for Voss Høgre, vedtatt på Voss Høgre sitt årsmøte 18.november 2021, revidert på årsmøte 19.november 2025.

§ 1 Føremål

Voss Høgre, som er Høgres foreining i Voss kommune, vil føre en konservativ framstegspolitikk, bygget på det kristne kulturgrunnlaget, rettsstaten og folkestyret, for å fremme personleg fridom og sosialt ansvar, sjølvråderett og eigedomsrett, og et forpliktande nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

Foreininga er gjennom Vestland Høgre tilknytt Høgres Hovudorganisasjon, og skal følgje opp dei program og iverksette dei planar som deira organ har vedteke.

Foreininga har ansvaret for Høgres totale politiske og organisatoriske arbeid i kommunen.

Kommunestyregruppa har ansvar for arbeidet med de politiske sakene i kommunestyret, innanfor ramma av det vedtekne kommunestyreprogrammet og reglement for kommunestyregruppa.

§ 2 Organisasjon

Foreiningas organ er styret, årsmøtet og nominasjonsmøtet.

Styret kan oppnemne eit arbeidsutval og fastsette utvalet sitt arbeidsområde.

Foreiningar i Unge Høgre, Høgres Studentar og Senior Høgre som er godkjent i førehald til sideforeininga sine eigne vedtekter og organ er definert som Voss Høgres sideforeiningar.

Årsmøtet i foreininga skal heldast før 1. desember kvart år.

Nominasjonsmøtet for kommunevalet skal normalt heldast før 1. desember i mellomvalår.

Prøvenominasjon til fylkestings- og stortingsval skal gjennomførast i samsvar med «Reglement for nominasjon på fylkesnivå» vedtatt av sentralstyret.

§ 3 Medlemskap

Partiorganisasjonen bygger på individuelt medlemskap.

Alle innbyggjarar i kommunen som er einig i foreininga sitt føremål, og som ikkje er tilslutta noko anna parti eller har sagt seg villig til å stå på en konkurrerande valliste, kan være medlemmar av foreininga.

Medlem av godkjende foreiningar i Unge Høgre eller Høgres Studentar er medlem av foreininga.
Medlem av godkjent Senior Høgre-foreining som er busett i kommunen er samtidig medlem av foreininga.

Alle medlem må ha fylt 15 år.

Medlemskap i Høgre gir ein eksklusiv rett til å delta i den formelle demokratiske avgjerdsprosessen, også det å verte valt til verv i partiorganisasjonen, stille som kandidat til vallister og kunne gje stemme på partiet sine års-, program- og nominasjonsmøte.

Medlemskapet blir stadfesta ved betalt kontingent og er ei forutsetning for deltaking i avgjerdsorgan og å være valbar på alle nivå i Høgre sin organisasjon og vallister.

For å ha stemmerett på møter i Voss Høgre, krevst minst 4 veker langt medlemskap og at medlemskontingenten er betalt før møtestart. Dette gjeld også medlemskap via godkjente foreiningar i Unge Høgre, Høgres Studentar eller senior Høgre. Det tillatast ikkje fullmakter på møter i Høgre

For å kunne delta ved prøvenominasjon til fylkestings- og stortingsval, nominasjon av kandidatar til kommunestyreval og være valbar som utsending til nominasjonsmøte på fylkesnivå, må ein ved valet ein er nominert til ha rett til å røyste i kommunen etter Vallova.

For å kunne oppnå denne retten er det eit krav om medlemskap i minst fire veker og at kontingenten er betalt før møtet tek til. Nye medlem må ha betalt kontingenten seinast 4 veker før møtet. Dette gjeld også medlemskap via godkjente foreiningar i Unge Høgre, Høgres studentar eller Senior Høgre.

Medlem av Unge Høgre eller Høgres studentar med tillits- eller folkevalde verv i foreininga, må ha medlemskap i foreininga for å ha fulle rettigheter.

Medlem av Unge Høgre eller Høgres studentar som gjennom sine medlemskap er tilknytt to ulike kommune-foreiningar, har berre stemmerett i den kommune-foreininga der dei er registrert busett i folkeregisteret.

Medlem utan tillits- og folkevalde verv og som ikkje ynskjer å være tilknytt foreininga, kan få sitt medlemskap registrert direkte under fylkesorganisasjonen. Ei slik tilknytning gjer at ein mister retten til å delta i den formelle demokratiske avgjerdsprosessen i foreininga.

§ 4 Arbeidsutval

Om styret finn det etter hensikta, kan det opprettast et arbeidsutval som er satt saman av fylgjande medlem:

- leiar
- nestleiar(ar),
- Leiar i kommunestyregruppa og/eller ordførar,
- Leiar i Senior Høgre,
- Leiar i Unge Høgres

Styret fastset arbeidsområde og fullmakter for arbeidsutvalet.

Det skal førast avgjersprotokoll frå alle møter og desse skal leggjast fram for styret.

§ 5 Styret

Styret representerer foreininga, og leiar partiarbeidet i kommunen og er foreininga sitt utøvande organ.

Styret er sett saman av:

- leiar,
- nestleiar(ar),
- minst eit styremedlem vald av årsmøtet,
- leiarane av godkjente sideforeiningar,

- ordførar,
- Leiar av kommunestyregruppa
- Voss Unge Høgre sin leiar, eller den øvste i foreininga med tilhøyrslø eller busetnad i Voss herad

I kommunar utan godkjente sideforeiningar kan styret utpeike kontaktpersonar med vara utan røysterett. Styret kan også gi andre tillitsvalte tilgang til å delta i sine møter utan røysterett.

Styret har ansvaret for:

- å godkjenne foreininga sitt årsrekneskap med revisjonsberetning, og rapportere til myndighetene i tråd med Partilova.
- arbeidet med kommunevalprogrammet etter dei retningslinjer som er vedtekne for dette arbeidet
- økonomiarbeidet i kommuneforeininga, i samsvar med Høgres økonomireglement vedtatt av Høgre sitt sentralstyre, her under framstilling av offisielt rekneskap.
- opplæringsarbeidet i kommuneforeininga.
- planlegging og gjennomføring av kampanjar.
- arbeidet med rekruttering og andre organisasjonsoppgåver i foreininga.
- å følgje opp program og iverksette planar vedtekne av fylkesorganisasjonen og Høgres Hovudorganisasjon sitt utval.
- å rapportere om økonomiske forhold i samsvar med offentlege pålegg og Høgres reglement.
- at medlemsopplysningar vert handsama i samsvar med Personvernlova og Høgre sitt reglement.
- rammene for nominasjonsprosessen, inkludert avgjerd om bruken av kandidatavtaler og uravstemming blant medlemmar og om det skal gjennomførast tidlegare nominasjon av ordførar og/eller byrådsleiarkandidat i eit eige nominasjonsmøte.
- å passe på at nominasjonsprosessen følgjer «Reglement for nominasjonsprosessar».
- å gjere innstilling på valkomité til årsmøtet.
- Å opprette og halde ved like eit arkiv for foreininga for minimum å dokumentere styremøta, årsmøter, nominasjonsmøtet og konstituerande møte i kommunestyregruppa.

Styret oppnemner:

- nominasjonskomité som førebur nominasjon av partiet sine kandidatar ved kommunestyreval.
- forhandlingsutval for kommunevalet som skal vere sett saman av representantar frå foreininga og den påtroppande kommunestyregruppa og fastset utvalet sitt mandat.
- komitear og utval som må sjåast på som naudsynte. Alle komitear og utval bør vere slik samansett at dei også dekker sideforeiningane sine interesser.

Styret førebur sakliste og innkallar til årsmøte, nominasjonsmøte og konstituerande møte i kommunestyregruppa.

Styret har avgjerdsrett når minst halvparten av medlemmane er til stades.

Det skal førast protokoll for styret sine avgjerder i alle møter.

§ 6 Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast innan 1. desember og kunngjerast for medlemmane seinast tre veker før møtet.

Tid og stad for årsmøtet saman med sakliste skal som minimum kunngjerast på foreininga sine heimesider, ved e-post til medlemmane i foreininga og sideforeiningar. Foreininga sine vedtekter skal vere tilgjengeleg på

foreiningas heimesider.

Årsmøtet bør heldes for opne dører. Møtet avgjer sjølv dette spørsmål. Forslag og saker som ønskes handsama må være sendt styret seinast ei to veke før møtet.

Årsmøtet handsamar:

- styrets beretning, inklusiv rapport frå sideforeiningane, også status for opplæringsarbeidet.
- den politiske situasjon i kommunen.
- Rapport frå kommunestyregruppa, inkludert rekneskap dersom gruppa disponerer egne middel.
- siste avlagte årsregnskap med revisjonsberetning ved å ta dette til orientering.
- Saker som fylkestyret eller sentralstyret legg fram.
- arbeidsmål for den neste perioden
- valkomiteens innstilling på val av:
 - leiar,
 - nestleiar,
 - styremedlemmer, minst eit nytt styremedlem
 - vararepresentantar til styret,
 - ein revisor blant medlemmene. 2 revisorar blant medlemmene eller 1 autorisert revisor.
 - utsendingar med vararepresentantar til fylkesorganisasjonens årsmøte,
 - styrets innstilling på val av valkomité for neste årsmøte.

Styret legg fram for årsmøtet regnskapsrapport for perioden frå 1. januar til siste transaksjon før årsmøtet og budsjett for det kommande år. (Årsmøtet tar disse til orientering).

Leiar, nestleiar, styremedlemmene vert vald av årsmøtet for 2 år. Den eine vararepresentanten veljast for to år, den andre for eit år. Har foreininga sideforeingar, så er det nestleiarane i desse som er vararepresentantar. Det skal ikkje vere val på leiar og nestleiar same år. Om nestleiar eller leiar fråtrer sånn at det likevel vert naudsynt med val av begge eit år, skal det ekstraordinære valet vere for eit år.

Dersom eit årsmøtevalt medlem av styret trer i frå i løpet av det første året, gjennomførast det suppleringsval for eit år på det første ordinære årsmøtet.

Personval er alltid skriftleg om det er fleire kandidatar til same posisjon, eller om minst ein stemmefør representant krev det.

Ved val på en enkelt tillitsvalt krevst absolutt fleirtal av de gjevne stemmer. Om ingen har oppnådd dette fleirtal ved første omgang, holdast omval mellom de to kandidatane som oppnådde flest stemmer. Ved loddrekning.

Når det er val på fleire tillitsvalte under eit, og det er nødvendig med skriftleg avstemming, må det på kvar stemmesetel stemmast på det talet kandidatar som skal veljast. I tilfelle stemmelikheit foretas bundet omval. Dersom det etter omvalet er stemmelikskap, avgjer ein utfallet ved loddrekning.

Det førstast protokoll frå møtet som signerast av møteleiar og 1 valt deltakar.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøtet kan innkallast med minst 2 veker varsel om Styret finner det naudsynt, om 1/4 av foreiningas stadfesta betalande medlemmer forlanger det, eller om Fylkestyret eller Sentralstyret vedtek det. Alle medlemmer av foreininga kan delta med fulle rettigheter etter §3.

Tid og sted for ekstraordinært årsmøte samen med sakliste og lover skal som minimum lysast via foreiningas heimesider, ved e-post til medlemmer i og/eller lysing i lokalavisa.

Ekstraordinært årsmøte skal berre behandle sakene som er varsla i innkallinga.

Det først protokoll frå møtet som signerast av møteleiar og 1 valt deltakar.

§ 8 Nominasjon, nominasjonsmøtet, forhandlingar og konstitusjon av kommunestyregruppa

Styret utpeikar nominasjonskomité som forbereder nominasjonen av partiets kandidatar ved kommunestyreval. Jfr §6.

Nominasjonskomiteen skal innhente forslag frå medlemmene og legge fram for nominasjonsmøtet ein oversikt over foreslått kandidatar, samt eige forslag til valliste.

Avtaler om listesamarbeid med andre parti må godkjennast av fylkestyret.

Nominasjonsmøtet skal normalt heldes innan 1. desember i mellomvalåret, og innkallast med minst 2 vekers varsel. Møtet heldes for opne dører.

Tid og sted for nominasjonsmøtet skal som minimum lysast via foreiningas heimesider, ved e-post til medlemmer i foreininga og / eller ved lysing i lokalavisa.

Ved stortingsval og ved fylkestingsval skal styret innstille overfor medlemsmøtet på val av nominasjonsutsendingar, og fremmer forslag på kandidatar.

Dersom det kjem fram alvorlege brått på «Reglement for nominasjonsprosessar», og disse vert stadfesta av Høgres Hovedorganisasjon, kan 1/4 av foreiningas stadfesta medlemmer krevje at det kallast inn til ekstraordinært nominasjonsmøte. Fylkestyret eller sentralstyret kan også i alvorlege høve, kor den feilen har avgjort nominasjonsmøtets utfall, avgjere å innkalle til ekstraordinært nominasjonsmøte.

Snarast mogleg etter et kommunestyreval og før første møte i kommunestyret skal styret i samråd med ordførarkandidaten/gruppeleiarkandidaten innkalle til konstituerande møte i kommunestyregruppa for val av gruppestyre, avgjerd av gruppa sitt reglement, godkjenning av eventuelle forhandlingsresultat med andre parti og forslag på disponering av gruppa sine medlemmar.

§ 9 Suspensjon

Styret kan med fleirtal fatte vedtak om suspensjon frå tillits- og folkevaldeverv i Høgre for ein periode på maksimalt 12månader nå:

1. Folkevalt medlem av gruppa har bråte gruppa sitt reglement.
2. Medlemmet ved sin handlemåte har skada Høgre.
3. Medlemmet har forbrote seg mot Høgres vedtekter og/eller Etske retningslinjer i Høgre.
4. Medlemmet ikkje retter seg etter varsel gitt på grunnlag av punkt 1, 2 eller 3.

Avgjerda kan innankes innan 3 veker etter vedtaket til fylkestyret for endeleg vedtak.

Suspensjonsvedtaket gjelder alle verv i foreininga. Medlemmer som er suspendert har i suspensjonsperioden ikkje rett til å utøve sine medlemsrettar, og kan ikkje veljast til nye tillits- og folkevaldeverv.

§ 10 Eksklusjon

Styret kan med 2/3-flertall fatte vedtak om eksklusjon av medlemmer når medlemmen;

1. Forfektar ei anna politisk oppfatning enn den som bygger på Høgres føremålsparagraf.
2. Ved sin handlemåte har påført Høgre vesentleg skade, eller forbrott seg mot Høgres vedtekter og/eller Etiske retningslinjer i Høgre.
3. Er medlem av annet politisk parti
4. Ikkje retter seg etter varsel gitt på grunnlag av punkt 1, 2 eller 3.

Medlemmer som stiller seg til disposisjon eller er nominert på en konkurrerande valliste vil automatisk miste sitt medlemskap i foreininga.

Avgjerda kan innankes innan 3 veker etter vedtaket til fylkesstyret og vidare til sentralstyret.

Eksklusjonsvedtaket gjelder for alle foreiningar i Høgre og Høgres sideforeiningar. Vedtaket kan ikkje gjerast om før minst tre år har gått. Den ekskluderte må i såne høve søke si foreining om å bli tatt opp som medlem.

§ 11 Administrasjon

Årsmøtet kan ta avgjerd om å opprette sekretariat for foreininga. Sekretær tilsettast av styret etter innstilling frå fylkesstyret. Sekretæren er administrativt underlagt fylkessekretæren. Spørsmål om tilsette sine lønns- og arbeidsvilkår kan forelegges fylkesorganisasjonen til uttale.

§ 12 Vedtektsendringar

Til endring av vedtektene krevst 2/3 fleirtal av de gjevne stemmer på årsmøtet.

Avvik frå «Fellesvedtekter for Høgres kommuneforeiningar» må godkjennast av Høgres lovkomité.

Desse vedtektene avvik på følgande punkt:

1. Forhold til sideforeiningar er forenkla
2. Vedtektene er på nynorsk

§ 13 Oppløysning

Oppløysning av foreininga kan berre skje etter vedtak i fylkesstyret.

Foreiningas eigendelar og arkiv vert fylkesorganisasjonen sin eigedom ved oppløysning.